

2007



ål

venstre





venstre



- Venstre er i dag det største partiet i kommunestyret med seks medlemmer og ordføreren.
- Dersom du vil at Venstre framleis skal ha ordføreren må du stemme Venstre!
- Sjå kven som står på lista og gje dine favorittar ei ekstra stemme ved valet!



**Torleif T. Dalseide (48),
Øvre-Ål**

Gardbrukar og rekneskapsfører. Er gift og har 3 barn. 8 år i Kommunestyret. Dei fyrste 4 åra leiar i Næringsutvalet. Ordførar i denne perioden. Leiar i kraftverksstyret. Ulike verv i kraft av ordførarjobben. Særleg engasjert i næringsutvikling, kraftspørsmål og kommuneøkonomi.



Di stemme er viktig for Ål



Anne Kjersti Frøyen (46), Skattebøl. Psykiatrisk sjukepleiar. Gift, 3 barn. Opprinneleg sunnfjording, men har no budd 16 år på Ål. Medlem av Kommunestyret i 4 år, og i STNR like lenge. Leiar i Ål Venstre. Er oppteken av miljø,

både lokalt og globalt og ivaretaking av gode fellesskapsløysingar.



Sissel Urke (41), Skattebøl.

Psykiatrisk sjukepleiar/student
Medlem i Kommunestyret, Sektorutval for helse -og sosial og Kvalitetsutvalet i perioden 2003-2007. Som politiker er eg oppteken av å arbeide for tiltak som fremjer

trivsel og god helse for alle. Gift, engasjert i 3 aktive barn som gjer so godt dei kan med å utnytte heile breidda i aktivitetstilbodet på Ål.



John Storhaug (49), Sundre.

Arbeider som fotograf /redigerar ved Døves Media på Bakketeigen. 8 år i lokalpolitikken. Dei fyrste 4 åra medlem i Kulturutvalet. Medlem av Sektorutval for oppvekst og Kommunestyret i inneverande

periode. Er engasjert i kulturspørsmål, og oppvekstvilkår til barn og ungdom. Er gift, far til 2 og utøvande hobbypianist.



Eilif Gundersen (51), Breie.

Gift, 4 barn. Musikaner og datakonsulent. 12 år i lokalpolitikken. Har vore innom kultur og helse. Medlem av Sektorutval for teknisk, næring og ressurs i tillegg til Kommunestyret i inneverande periode. Særlig engasjert i kultur og miljøspørsmål. Innflytta trønder med hang til hallingkultur, småbruk og folkemusikk.



Ellen Oppsato Mikkelerud (40),

Sando. Deltidsfrisør. Gift med Pål, tok over farsgarden for seks år sidan, og er "adm.dir" i familien Oppsato Mikkelerud 5 barns bedrift. Er oppteken av oppvekst, skule, og enkeltmenneskers mangfald og valfridom.



Ove Bråten (46), Torpo.

Likningsfunksjonær. Gift, 3 barn. Særlig interessert i drett og kultur. Er oppteken av å gje dei unge best moglege oppvekstvilkår.



Kari Rudningen Fossli (50),

Sundre. Sjukepleiar/adjunkt. Arbeider for tida som adjunkt på Ål vidaregåande skole. Er oppteken av trygge oppvekstvilkår der barn og unge opplever utfordring og meistring, og gode helse- og so-

sialtenester med fokus på ansvar og deltaking. Gift, 4 barn. Gardsjente frå Tuppeskogen i Gol, men har budd på Ål i 22 år.



Eirik Øen (40), Sundre.

Bur i Vestlia, gift og har 3 born. Cand. agric fra UMB, mastergrad i arealplanlegging. Jobbar som rådgjevar innan planlegging og prosessstyring i Asplan Viak AS. Oppteken av langsiktighet og forutsigbarheit

i dei beslutningar som vert tatt for å skapa tryggheit i lokalsamfunnet. Brenn for utvikling generelt, og nærings-/reiselivsutvikling spesielt.



Hilde Løkensgard Bjørnsvik (38),

Sundre. Sambuar. Opprinneleg frå Leveld. Arbeider som avdelingsleiar og allmennfaglærar ved Ål vidaregåande skole. Ål kommune sin representant i styret til Hallingdal Teaterverkstad. Er oppteken av

frivillige lag og organisjonar, skule og oppvekst som gjer unge Ålingar til gangs menneske og gode samferdselsårer både regionalt og nasjonalt.



venstre



... og videre:

11. Jens Petter Brandlie
12. Dagfinn Ystad
13. Camilla Svanåsen
14. Vidar Sire
15. Einar Brattegard
16. Ingrid Tormodsgard
17. Astrid Haug
18. Torleiv A. Breie
19. Jan Håvard Haugland
20. Anne Petra Brattegard
21. Solveig Tveito
22. Halle Perstølen
23. Maria Høgetveit Berg
24. Edvin Ræstad
25. Trygve Holo-Lund
26. Anne Kari Olsen



Kultur og næring – hand i hand

Venstre i Ål vil:



venstre

- framleis ha rimeleg straum til innbyggjarar og næringsliv.
- legge til rette for eit allsidig næringsliv og sikre næringar som forvaltar naturressursane i kommunen.
- ta vare på biologisk mangfald, kulturlandskap og urørte naturområde.
- utnytte den sterke posisjonen kommunen har innan kultur og media til profilering, næringsutvikling og til trivselstiltak for innbyggjarane.
- gje ungar og ungdom ein oppvekst i Ål som gir ein god start i livet og som knyter band til heimbygda.
- styrke samspelet mellom kommunen og det private næringsliv for å skape arbeidsplassar og framtidstru i kommunen.
- ha openheit i all kommunal forvaltning

Bli med og skap det gode liv i Ål





venstre

stem venstre

Det skal løne seg å velge miljøvennleg

Nokre saker som Venstre har foreslått eller gått i bresjen for, og som er vedteke i kommunestyret:

- Nye næringstomter på Torpo
- Nytt parkeringshus ved Ålingen kjøpesenter
- Miljøgate på Sundre
- Energiltaksfond – tilskot til varmepumper m.m
- Utbetring av Øvre-Ålsvegen - føresetnad for utbygging i Øvre-Ålsåsen
- Serveringsstad og ny foajé i kulturhuset
- RV7-lys ved avkøyring til Ål sentrum
- Vassboren varme i skulesenteret
- Auka satsing på barnehageplassar
- Eigen plan for oppvekstsektoren

design & trykk: www.hallingprent.no • +47 32 08 64 60



www.venstre.no/buskerud/aal